



## Kontrakt for prosjektet

### Biologiske og kjemiske undersøkingar med klassifisering i innsjøar i vassregion Hordaland i 2018

#### 1. KONTRAKTSDOKUMENT

Kontrakten er samansett av dette kontraktsdokumentet og dei vedlegga som det er vist til i dette dokumentet. Partane i denne avtalen er Fylkesmannen i Hordaland (oppdragsgjevar) og (namn på leverandør).

Dokumenta gjeld i denne rekkefølga:

1. Denne kontrakten
2. Tilbod frå oppdragstakar
3. Tilbods-/konkurransgrunnlaget

#### 2. OPPDRAGET

##### 2.1. Innhald

Prosjektet er nærmare skildra i konkurransegrunnlag og tilbodsdocument (ikkje lagt ved). Det omfattar xx lokalitetar

##### 2.2 Gjennomføring

Kontaktperson hjå leverandør er nn. Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er Kjell Hegna. Alle spørsmål omkring oppdraget skal rettast til desse personane. Skifte av personell knytt til oppdraget skal berre skje ved sjukdom og etter avtale med oppdragsgjevar. Leverandør skal koste naudsynt opplæring av nye personar som trengst for at skiftet ikkje skal redusere kvaliteten av arbeidet eller seinka programmet i høve til framdriftsplanen.

Leverandør har ikkje høve til å overføra oppdraget eller deler av det til andre eller nytte underleverandørar utan at dette på førehand er godkjend av oppdragsgjevar.

##### 2.3 Rapportering av prosjektet/ Sluttføring av arbeidet.

Prosjektet skal endeleg rapporterast innan 1. mars 2019. Eit utkast til rapport skal sendast til oppdragsgjevar innan 15. februar 2019.

Data frå prosjektet skal leverast på digitale skjema for innlegging i databasen Vannmiljø.

## **2.4 Endringar**

Kvar part kan føreslå at prosjektet sitt omfang og retningslinjer vert revidert på grunnlag av framkomne resultat eller andre tilhøve som endrar føresetnadene for prosjektet. Ved eventuelle endringar skal leverandør utarbeide eit revidert arbeidsprogram med kostnadskalkyle som oppdragsgjevar skal godkjenne skriftleg.

## **3. PRIS OG BETALING**

### **3.1 Økonomisk ramme**

Prosjektet skal gjennomførast i 2017/2018/2019 til ein pris av x,x millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift.

### **3.2 Betalingsvilkår**

Når kontrakt er inngått vert det betalt 80% av kontraktssummen.

Når rapport er levert vert det betalt dei resterande 20 %.

Faktura for første betaling skal sendast til Fylkesmannen og Fylkeskommunen på e-post med ein gong kontrakt er inngått, for utbetaling i starten på desember 2017.

## **4. RISIKO**

Leverandør har ansvaret for økonomisk tap som måtte oppstå grunna skade på eller tap av dokument, utgreiingar og utstyr så lenge som det er i leverandør sin varetekt og utanfor oppdragsgjevar sine lokaler.

## **5. GODKJENNING AV RESULTAT – EIGEDOMSRETT - BRUKSRETT**

Godkjenning medfører at oppdragsgjevar godtek det produktet som vert levert i form av termin-, års- eller sluttrapport og finn det i samsvar med kontraktvilkåra.

Oppdragsgjevar har eigedomsretten til alle produkt av prosjektet, inklusive data, sluttrapport, delrapportar og anna som er utarbeidd og innsamla i samband med prosjektet. Datamaterialet frå prosjektet kan distribuerast fritt av oppdragsgjevar. Datamaterialet skal vere tilgjengeleg for oppdragsgjevar i den form han bestemmer og vil verte lagt inn i relevante opne databasane.

Dersom datamaterialet gjev grunnlag for resultat som ligg utanfor den definerte ramma for prosjektet, har leverandør eigedomsretten til resultatata. Oppdragsgjevar har likevel rett til å nytte alle resultat frå prosjektet innanfor ramma av si normale verksemd. Oppdragsgjevar har rett til å offentleggjere resultat som kommer fram av prosjektet. Leverandør vil då bli namngjeven i samband med offentleggjeringa.

Leverandør kan publisere resultat frå prosjektet og har høve til å nytta resultatata i anna arbeid om ikkje anna er avtalt. Resultat som det er ønskje om å publisere før oppdragsgjevar har motteke rapport, skal leggjast fram for oppdragsgjevar til orientering. Ved publisering skal det gå fram at prosjektet er utført med midlar frå oppdragsgjevar.

## **6. TEIEPLIKT**

Leverandør er underlagt reglane om teieplikt etter § 13 til 13 f i forvaltningslova.

Etter desse reglane har leverandør i samband med oppdraget ei plikt til å hindre at andre får tilgjenge eller kjennskap til personlege tilhøve eller tekniske innretningar, produksjonsmetodar, forretningsmessige analysar og utrekningar og forretningsmessige løyndomar elles, når dei er av ein slik art at andre kan nytte dei i eiga næringsverksemd. leverandør kan heller ikkje nytte slike opplysningar i eiga verksemd.

Tieplikta gjeld også etter at leverandør har avslutta tenesta eller arbeidet. Brot på tieplikta kan straffast etter § 121 i straffelova.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å gjere eit erstatningsansvar gjeldande dersom konfidensielle opplysningar gjeve av oppdragsgjevar ikkje er handsama på forsvarleg måte.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å krevje regress hjå leverandør for alt erstatningsansvar oppdragsgjevar eller staten kan kome opp i som følge av at leverandør eller nokon av leverandør sine tilsette ikkje rettar seg etter tieplikta.

## **7. FORCE MAJEURE - FORSEINKING**

Dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som etter vanlege kjøpsrettslege reglar må reknast som force majeure, må vi sjå på denne avtalen som ikkje mishalde så lenge force-majeure-situasjonen varer. Ved forseinking av oppdraget som skuldast oppdragsgjevar eller som har si årsak i force majeure, skal det avtalast ny tidsplan for framdrift av prosjektet. Dette skal gjerast ved ein tilleggsavtale.

## **8. MISHALD**

### **8.1 Leverandør sitt ansvar**

Leverandør skal gjennomføra oppdraget spesifisert i punkt 2.1 innanfor godtekne tids- og ressursrammer, og slik at resultatata av oppdraget kjem fram etter føresetnadene.

Leverandør har ansvar for at kvaliteten på resultatata av oppdraget ligg innanfor dei krav det var rimeleg å stille på grunnlag av dei faglege kvalifikasjonane vi gjekk ut frå hjå den personen som har utført oppdraget.

Leverandør er ansvarleg for overskriding av tids- og ressursrammer som følgje av aktløyse og forsett hjå dei tilsette. Dersom vesentleg forseinking oppstår kan leverandør skriftleg spørje oppdragsgjevar om ein likevel ønskjer oppdraget utført trass i for sein ferdigstilling. Leverandør skal da opplyse om når oppdraget kan slutførast. Vel oppdragsgjevar å få oppdraget gjennomført, har leverandør frist fram til det tidspunkt som er nemnt (tilleggsfrist).

### **8.2 Oppdragsgjevar sitt ansvar**

Oppdragsgjevar betalar rente etter forsinkelsesrenteloven ved for sein innbetaling etter avtalen sitt punkt 3.2. Oppdragsgjevar skal gje sitt svar skriftleg ved førespurnad om tilleggsfrist etter punkt 8.1, 3. avsnitt. Dersom oppdragsgjevar ikkje har gjeve svar innan 10 yrkedagar frå vi har motteke førespurnaden, er tilleggsfristen akseptert.

## **9. SANKSJONAR**

Ved vesentleg mishald av tilhøve som ligg innanfor leverandør sitt ansvarsområde, jf. pkt. 8.1, kan oppdragsgjevar utan vidare heve avtalen og krevje erstatning. Erstatninga

skal i slike høve ikkje vere høgare enn den totale kostnadsramma for denne avtalen, jf. pkt. 3.1.

Ved mishald av betalingsvilkåra ut over 30 dagar kan leverandør utan vidare heve avtalen og krevje erstatning innanfor same avgrensing som nemnt i fyrste lekk.

Dersom oppdragsgjevar ved aktløyse eller med forsett seinkar gjennomføringa av oppdraget og dermed påfører leverandør eit dokumenterbart økonomisk tap, kan dette krevjast erstatta innanfor same avgrensing som nemnt i fyrste lekk.

#### **10. TIDSLENGDE – OPPSEIING - ENDRINGAR**

Avtalen gjeld til oppdraget er fullført, men kan skriftleg seiast opp av oppdragsgjevar med eit varsel på 30 dagar. Oppdragsgjevar heftar i alle høve for utgifter i samband med ein praktisk avvikling av dei delar av arbeidet som er sett i gang etter tidlegare godkjent arbeidsprogram, dessutan for utstyr som er tinga.

Leverandør kan, dersom oppdragsgjevar endrar oppdraget sitt innhald eller omfang vesentleg, seie opp avtalen med eit varsel på 3 månader med plikt til å fullføre oppstarta arbeid.

#### **11. LOVVALG**

Partane sine rettar og plikter etter denne avtalen vert bestemt i samsvar med norsk rett. Som rette verneting for tvistar etter denne kontrakt vedtek partane Bergen tingrett.

#### **12. ANNA**

Denne kontrakten har 4 sider og er skrive ut i to eksemplar, ein til kvar part.

\*\*\*

For oppdragsgjevar:  
Fylkesmannen i Hordaland  
Miljøvern- og klimaavdelinga

For leverandør:

Bergen, xx. november 2017

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef